

# Møteprotokoll

## for

### Plan- og kommunalteknisk utval

**Møtedato:** 19.05.2021

**Møtestad:** Osterøy rådhus - Heradsstyresalen

**Møtetid:** kl. 13:00 – kl. 15:00

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Aksel Mjøs	H	Utvalsleiar
Øyvind Litland	AP	Nestleiar
Kjellaug Hartveit	SP	Medlem
Alf Terje Mortensen	FRP	Medlem

Forfall meldt frå medlem	Parti	Rolle
Marit Adelsten Jensen	MDG	Medlem

Frammøtte varamedlemmer	Parti	Erstatter medlem
Johannes Haugland	SP	Vara for A. Mjøs i sak 042/21
Johannes Seim Mjelde	V	Marit Adelsten Jensen

**Følgjande frå administrasjonen møtte:** Rådmannen v/kommunalsjef Samfunnsutvikling, leiar teknisk forvaltning og politisk-adm.sekretariat

## Sakliste

Saknr	Tittel
038/21	Godkjenning av innkalling og sakliste
039/21	Godkjenning av møtebok
040/21	Referatsaker og meldingar
041/21	Delegerte saker
042/21	96/27 - Fotland - Søknad om dispensasjon for bygging av naust og kai med flytebrygge
043/21	84/22 - Fjellskål - Søknad om dispensasjon for oppføring av bod - Handsaming av klage
044/21	129/87 - Hamre - Søknad om dispensasjon for utviding av kai og utlegging av flytebrygge - Handsaming av klage

Før møtet vart det halde synfaring for utvalet i sak 042/21 frå kl. 11.45.

### **038/21: Godkjenning av innkalling og sakliste**

**Rådmannen sitt framlegg:**

**Innkalling og sakliste vert godkjent.**

### **19.05.2021 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL**

Alf T. Mortensen, FRP, tok opp klagesak Mjeldstad om handsaming i utvalet. Han tok og opp handsaming av viltforvaltningsplanen.

Leiar teknisk forvaltning viste til at Fellingsrapport 2020 med vedlegg er lagt ut i Møteportalen. Det vert innhenta evaluéringsrapport frå NINA, Norsk institutt for naturforskning som grunnlag for neste rullering av Viltforvaltningsplanen.

Øyvind Litland, AP, bad om status for reguleringsplan Haus.

Kommunalsjefen informerte om innspel frå og dialog med Statens vegvesen og fylkeskommunen om vegløysingar før utsending av planforslag. Viktig med god dialog slik at rekkjefølgjekrav og løysingar blir akseptable og realiserbare. Kommunen kan nyitta trafikksikringsmidlar til noko av dette.

Kjellaug Hartveit, SP, viste til spørsmål i førre møte om nybygg på Hauge.

Leiar teknisk forvaltning viste til svaret som er lagt ut i Møteportalen.

Alf T. Mortensen, FRP, tok opp spørsmål om nytt V/A-anlegg Hosanger - Hamre og kva tid abonnentar kan knyta seg til dette.

---

Det var ikkje merknader til innkalling og saksliste.

### **PL - 038/21 VEDTAK:**

**Innkalling og sakliste vert godkjent.**

---

### **039/21: Godkjenning av møtebok**

**Rådmannen sitt framlegg:**

**Møteprotokoll frå vert godkjend.**

### **19.05.2021 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL**

Det var ikkje merknader til møteprotokoll frå 21.04.2021.

**PL - 039/21 VEDTAK:**

**Møteprotokoll frå 21.04.2021 vert godkjend.**

---

**040/21: Referatsaker og meldingar**

**Rådmannen sitt framlegg:**

**"Referatsakene vert tekne til vitande."**

**19.05.2021 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL**

**RS: 2:**

Plansjef Pelle Engesæter var til stades og orienterte om forslag til planprosess.

Kommunalsjefen informerte om krav til planprogrammet. Må fastsetja prinsipp og tema for rulleringa.

Øyvind Litland, AP, tok opp medverknad frå gendaråd og andre aktørar. Viktig å ha tidlege møte i bygdene. Vurdera innspel før utarbeiding av planutkast.

Kommunalsjefen, viste til at medverknad er heilt sentralt. Vil ha eige kapittel i planen om organisering gjennomføring av medverknad, jfr. eigen rettleiar for medverknad

Aksel Mjøs, H, bør ha politisk involvering i 2022 før ferdigstilling av planutkast.

Kommunalsjefen viste til at Kommunaldepartementet har gitt ut eigen rettleiar for medverknad i planlegging som kommunen vil leggja til grunn for arbeidet.

Alf T. Mortensen, FRP, påpeika at politisk nivå må få gje innspel til planprogrammet og rammenen for rulleringa. Det same også for næringsliv, innbyggjarar og andre. Treng ei god vurdering av kva tema rulleringa skal omfatta i h.t. byggeområde, regionale og nasjonale føringar m.v.

Plansjefen viste til at ein uansett må uansett ta høgde for nasjonale føringar. Andre innspel må tilpassast desse. Viktig å definera kva planprogrammet skal omhandla.

Kommunalsjefen, viste til at kommunen har avgrensa kapasitet til planarbeidet. Næringslivet er engasjert og ønskjer å delta. Sett av ei tidsramme på ca. 2 år. Viktig å finna balansen mellom lokale ønskje og behov og nasjonale føringar for planlegginga.

Aksel Mjøs, H, viktig med struktur på medverknad. Regionale mynde kan gje innspel på formelle rammer for planarbeidet, men ikkje dei skjønsmessige vurderingane.

Øyvind Litland, AP, heile den politiske arbeidsgruppa bør delta på møtet 14. september med næringslivet.

---

Aksel Mjøs, H, tok opp spørsmål om ekstra møte i utvalet for ei foreløpig behandling av planprosessen.

Utvalet sluttet seg til at utvalsleiar tek eit eige møte med kommunalsjef og plansjef for avklaring kring dette.

---

**AVRØYTING**

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

**PL - 040/21 VEDTAK:**

"Referatsakene vert tekne til vitande."

---

**041/21: Delegerte saker**

**Rådmannen sitt framlegg:**

Melding om delegerte vedtak vert teken til vitande.

**19.05.2021 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL**

**AVRØYTING**

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

**PL - 041/21 VEDTAK:**

Melding om delegerte vedtak vert teken til vitande.

---

**042/21: 96/27 - Fotland - Søknad om dispensasjon for bygging av naust og kai med flytebrygge**

**Rådmannen sitt framlegg:**

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

"Kommunen gjev ikkje dispensasjon frå plan- og bygningslova §§ 11-6, 11-7 nr. 6, 11-9 nr. 1 og 5

**til oppføring av naust og kai med flytebrygge på gnr. 96 bnr. 27, jf. plan- og bygningslova § 19-2."**

**Grunngjeving:**

**Omsyna bak regelen det er søkt om dispensasjon i frå og omsyna i føremålsreglane i lova vert vesentleg tilsidesett.**

**Etter ei samla vurdering er ulempene med å gje dispensasjon større enn fordelen.**

**Sjå i tillegg rådmannen si vurdering.**

#### **21.04.2021 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL**

Aksel Mjøs, H, bad om vurdering av sin gildskap grunna nært venskap og samarbeid med tiltakshavarane gjennom mange år - han tok ikkje del i møtet ved handsaming av gildskaps-spørsmålet - 4 medlemmer til stades.

-----  
Nestleiar Øyvind Litland, AP, overtok som møteleiar.

#### **AVRØYSTING gildskap**

Aksel Mjøs, H, vart kjend ugild - samrøystes (1AP,1SP,1FRP,1MDG)

Vedtaket vart gjort med heimel i kommunelova § 11-10, 1. ledd. Utvalet kjende Aksel Mjøs, H., ugild etter fvl. kap. II, § 6, 2. ledd - *Likeså er han ugild når andre særegne forhold foreligger som er egnet til å svekke tilliten til hans upartiskhet; blant annet skal legges vekt på om avgjørelsen i saken kan innebære særlig fordel, tap eller ulempe for ham selv eller noen som han har nær personlig tilknytning til.* Utvalet fann at det nære venskapskapsforholdet med tiltakshavar i saka inneber at et føreligg "særegne forhold" som er eigna til å svekka tilliten til hans upartiskheit i saka, og at utfallet av saka vil vera svært viktig for tiltakshavar.

-----  
Alf t. Mortensen, FRP, gjorde slikt framlegg: "Saka vert utsett for synfaring."

#### **AVRØYSTING - utsetjing**

Framlegget vart vart vedteke med 3 røyster (1FRP,1SP,1SP) mot 1 røyst (1MDG)

-----  
Møteleiar gjorde slikt framlegg: "Grunna synfaring i saka, vert fristen for kommunen si sakshandsaming utsett til 04.06.2021, jfr. byggesaksforskrifta § 7-3."

#### **AVRØYSTING - utsett frist**

Framlegget vart samrøystes vedteke.

#### **PL - 029/21 VEDTAK:**

**"Saka vert utsett for synfaring.**

**Grunna synfaring i saka, vert fristen for kommunen si sakshandsaming utsett til 04.06.2021, jfr. byggesaksforskrifta § 7-3."**

## **19.05.2021 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL**

Det vart halde synfaring for utvalet før møtet.

---

Aksel Mjøs, H, bad om vurdering av sin gildskap grunna nært venskap og samarbeid med tiltakshavarane gjennom mange år - han tok ikkje del i møtet ved handsaming av gildskapsspørsmålet - Johannes Haugland, SP, møtte som vara - 5 medlemmer/varamedlemmer til stades.

---

Nestleiar Øyvind Litland, AP, overtok som møteleiar.

---

### **AVRØYSTING gildskap**

Aksel Mjøs, H, vart kjend ugild - samrøystes (1AP,2SP,1FRP,1V)

Vedtaket vart gjort med heimel i kommunelova § 11-10, 1. ledd. Utvalet kjende Aksel Mjøs, H,, ugild etter fvl. kap. II, § 6, 2. ledd - *Likeså er han ugild når andre særegne forhold foreligger som er egnet til å svekke tilliten til hans upartiskhet; blant annet skal legges vekt på om avgjørelsen i saken kan innebære særlig fordel, tap eller ulempe for ham selv eller noen som han har nær personlig tilknytning til.* Utvalet fann at det nære venskapskapsforholdet med tiltakshavar i saka inneber at det føreligg "særegne forhold" som er eigna til å svekka tilliten til hans upartiskheit i saka, og at utfallet av saka vil vera svært viktig for tiltakshavar.

---

Alf T. Mortensen, FRP, gjorde slikt framlegg (fellesframlegg): "Klagen vert teke til følge. Det vert gjeve løye som omsøkt.

Kommunen gjev dispensasjon frå plan- og bygningslova §§ 11-6, 11-7 nr. 6, 11-9 nr. 1 og 5 til oppføring av naust og kai med flytebrygge på gnr. 96 bnr. 27, jf. plan- og bygningslova § 19-2.

#### Grunngjeving:

Utvalet har vore på synfaring. Det vart då klart at kartmateriale og satellittbilete gjev eit mangelfullt bilde av terrenget, og det var difor naudsint å fysisk være på staden for å sjå klårt korleis terrenget og tiltaket vil verke inn. Området som er påverka av søknaden, består av bratt svaberg/stup med ein liten bergknaus som stikk opp og ei lav grunne utom. Tiltaket er tenkt plassert på dette berget og grunnen for å gje minst mogeleg terrengrøping. Området grensar til område som er avsett til naustformål i sjø og strandsoneplanen. Tiltaket er ynskt flytta ut av regulert område for å ikkje verte til hinder for ålmenta si ferdslie i området, då dette vil gje ei positiv effekt på ålmenta si ferdslie i området, og gje reduserte naturinngrep. Årsaka til dette er at det ubebygde arealet er beståande av slakt, glatt svaberg i sjø, der fiske og anna aktivitet er mogeleg. Dermed vil utbygging innanfor planområdet gje ein meir negativ verknad enn dersom ein gjev denne dispensasjonen. Utvalet vurderer at kommunen sin forvaltingspraksis ikkje vert sett tilside gjennom å gje dispensasjonen. Omsyna bak regelen det er søkt om dispensasjon i frå og omsyna i føremålsreglane i lova vert ikkje til sidesett. Etter ei samla vurdering er fordelene med å gje dispensasjon langt større enn ulempene."

Framlegget vart ikkje røysta over, sjå nytta endra fellesframlegg.

Alf T. Mortensen, FRP, gjorde slikt endra framlegg (fellesframlegg): "Klagen vert teke til følge. Det vert gjeve løye som omsøkt.

Kommunen gjev dispensasjon frå plan- og bygningslova §§ 11-6, 11-7 nr. 6, 11-9 nr. 1 og 5 til oppføring av naust og kai med flytebrygge på gnr. 96 bnr. 27, jf. plan- og bygningslova § 19-2.

Det vert sett som vilkår at eventuell anleggsverksemnd vert utført utanfor dei gyteperiodar som er påpeika av fiskeridirektoratet.

Det vert sett vilkår om at det vert teke ei vurdering av eventuell skredfare før tiltak kan iverksetjast. Eventuell flytebrygge skal være i tråd med føresegne i Sjø- og strandsoneplanen.

#### Grunngjeving:

Utvælet har vore på synfaring. Det vart då klart at kartmateriale og satelittbilete gjev eit mangelfullt bilet av terrenget, og det var difor naudsynt å fysisk være på staden for å sjå klårt korleis terrenget og tiltaket vil verke inn. Området som er påverka av søknaden, består av bratt svaberg/stup med ein liten bergknaus som stikk opp og ei lav grunne utom. Tiltaket er tenkt plassert på dette berget og grunnen for å gje minst mogeleg terrenginngrep. Området grensar til område som er avsett til naustformål i sjø og strandsoneplanen. Tiltaket er ynskt flytta ut av regulert område for å ikkje verte til hinder for ålmenta si ferdslé i området, og gje reduserte naturinngrep. Årsaka til dette er at det ubebygde arealet er beståande av slakt, glatt svaberg i sjø, der fiske og anna aktivitet er mogeleg. Dermed vil utbygging innanfor planområdet gje ein meir negativ verknad enn dersom ein gje denne dispensasjonen. Utvalet vurderer at kommunen sin forvaltingspraksis ikkje vert sett tilside gjennom å gje dispensasjonen.

Omsyna bak regelen det er søkt om dispensasjon i frå og omsyna i føremålsreglane i lova vert ikkje til sidesett. Etter ei samla vurdering er fordelene med å gje dispensasjon langt større enn ulempene.

#### AVRØYSTING

Rådmannen sitt framlegg	-	0 røyster
Fellesframlegget	-	samrøystes (1AP,2SP,1FRP,1V)

#### PL - 042/21 VEDTAK:

"Klagen vert teke til følge. Det vert gjeve løyve som omsøkt.

Kommunen gjev dispensasjon frå plan- og bygningslova §§ 11-6, 11-7 nr. 6, 11-9 nr. 1 og 5 til oppføring av naust og kai med flytebrygge på gnr. 96 bnr. 27, jf. plan- og bygningslova § 19-2.

Det vert sett som vilkår at eventuell anleggsverksemnd vert utført utanfor dei gyteperiodar som er påpeika av fiskeridirektoratet.

Det vert sett vilkår om at det vert teke ei vurdering av eventuell skredfare før tiltak kan iverksetjast.

Eventuell flytebrygge skal være i tråd med føresegne i Sjø- og strandsoneplanen.

#### Grunngjeving:

Utvælet har vore på synfaring. Det vart då klart at kartmateriale og satelittbilete gjev eit mangelfullt bilet av terrenget, og det var difor naudsynt å fysisk være på staden for å sjå klårt korleis terrenget og tiltaket vil verke inn. Området som er påverka av søknaden, består av bratt svaberg/stup med ein liten bergknaus som stikk opp og ei lav grunne utom. Tiltaket er tenkt plassert på dette berget og grunnen for å gje minst mogeleg terrenginngrep. Området grensar til område som er avsett til naustformål i sjø og strandsoneplanen. Tiltaket er ynskt flytta ut av regulert område for å ikkje verte til hinder for ålmenta si ferdslé i området, og gje reduserte naturinngrep. Årsaka til dette er at det ubebygde arealet er beståande av slakt, glatt svaberg i sjø, der fiske og anna aktivitet er mogeleg. Dermed vil utbygging innanfor planområdet gje ein meir negativ verknad enn dersom ein gje denne dispensasjonen. Utvalet vurderer at kommunen sin forvaltingspraksis ikkje vert sett tilside gjennom å gje dispensasjonen.

Omsyna bak regelen det er søkt om dispensasjon i frå og omsyna i føremålsreglane i lova vert ikkje

**tilsidesett. Etter ei samla vurdering er fordelene med å gje dispensasjon langt større enn ulempene."**

---

Aksel Mjøs, H, kom tilbake til møtet etter sak 042/21. Johannes Haugland, SP, gjekk frå møtet – 5 medlemmer/varamedlemmer til stades.

---

#### **043/21: 84/22 - Fjellskål - Søknad om dispensasjon for oppføring av bod - Handsaming av klage**

**Rådmannen sitt framlegg:**

##### **RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

**"Kommunen sitt vedtak av 10.03.2021 saknr. 069/21 vert oppretthalde. Klagen vert ikkje teke til fylgje. Saka vert send til Statsforvaltaren i Vestland for vidare handsaming, jf. plan- og bygningslova § 1-9, jf. forvaltningslova § 33."**

#### **19.05.2021 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL**

Alf T. Mortensen, FRP, gjorde framlegg om utsetjing for synfaring.

##### **AVRØYSTING utsetjing**

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Utvalsleiar gjorde slikt framlegg: "Grunna synfaring i saka, vert fristen for kommunen si sakshandsaming utsett til 25.06.2021, jfr. byggesaksforskrifta § 7-3."

##### **AVRØYSTING**

Framlegget vart samrøystes vedteke.

#### **PL - 043/21 VEDTAK:**

**"Saka vert utsett for synfaring.**

**Grunna synfaring i saka, vert fristen for kommunen si sakshandsaming utsett til 25.06.2021, jfr. byggesaksforskrifta § 7-3."**

---

**044/21: 129/87 - Hamre - Søknad om dispensasjon for utviding av kai og utlegging av flytebrygge - Handsaming av klage**

**Rådmannen sitt framlegg:**

**RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

**"Kommunen sitt vedtak av 18.02.2021 saknr. 050/21 vert oppretthalde. Klagen vert ikkje teke til fylgje. Saka vert send til Statsforvaltaren i Vestland for vidare handsaming, jf. plan- og bygningslova § 1-9, jf. forvaltningslova § 33."**

**19.05.2021 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL**

Alf T. Mortensen, FRP, gjorde slikt framlegg: "Saka vert utsett for synfaring."

**AVRØYSTING - synfaring**

Framlegget vart samråystes vedteke

**PL - 044/21 VEDTAK:**

**"Saka vert utsett for synfaring."**

---

**Andre saker/spørsmål**

Alf T. Mortensen, FRP, tok opp spørsmål om utbyggingsavtale for bustadfelt på Rundhovde. Manglende avtale får konsekvensar i h.t. momskompensasjon og kommunal overtaking av infrastruktur i feltet.

Leiar teknisk forvaltning stadfesta at det er laga eit utkast til avtale, men at dette ikkje vert arbeidd vidare med, då den ikkje er aktuell lenger. Det vart og vist til orienteringssak til politisk nivå om prioritering av utbyggingsavtalar. Kommunen overtek infrastruktur uavhengig av utbyggingsavtale.

Utvalsleiar bad om at tidlegare orienteringssak vert send ut på nytt.

---

Alf T. Mortensen, FRP, viste til stor utbygging av V/A-anlegg Hosanger – Hamre, og stilte spørsmål om informasjon om når abonnentane kan få knyta seg til.

Kommunalsjefen viste til at det er tilsett ny leiar for V/A-området og at det difor vil ta litt tid å få ut informasjon til abonnentane.

---

Til å skriva under møteprotokollen saman med ordførar vart desse valde: Alf T. Mortensen og Johannes Seim Mjelde

Lonevåg, 21.05.2021

Bente Skjerping  
utvalssekretær